



DET KONGELIGE  
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

*Kunnskaps- og integreringsministeren*

Vestland fylkeskommune  
post@vlfk.no

Deres ref

Vår ref

Dato

18/- 3232

4. februar 2021

## Om vedtak frå Vestland fylkesutval om busetting av flyktningar

Eg syner til brev av 4. januar 2021 sendt til statsministeren og fleire statsrådar. Som ansvarleg for busetting av flyktningar svarar eg på vegne av regjeringa.


Vedtak om busetting av flyktningar i Vestland fylkesutval er notert. Eg er glad for at kommunane har varsla om stor vilje til å busette flyktningar.

Det er Nasjonalt utval for busetting som fastset plantal som ligg til grunn for oppmodinga kvart år. Plantal for busetting av flyktningar er basert på prognosar for personar som kan søke asyl, prognosar for innvilga asylsøknadar, og prognosar for kvoteflyktningar. Situasjonen i 2015 med historisk mange asylsøkarar og situasjonen i 2020 med historisk få asylsøkarar, visar at plantal som ligg til grunn for oppmodinga er usikre. Eit av kriteria for oppmodinga er difor at kommunane har beredskap for opp- og nedbygging av busettingskapasitet, og evne til rask omstilling.

Sjølv om Noreg ikkje tok imot alle kvoteflyktningar som vi planla for i 2020 grunna koronapandemien, så ligg 2020-kvoten på 3 000 flyktningar fast. Det betyr at planen er at kvoteflyktningane som er innvilga innreiseløyve vil bli busett i 2021. I tillegg skal Noreg ta ut 3 000 nye kvoteflyktningar i 2021.

Eg håpar at alle kvoteflyktningar med innvilga innreiseløyve til Noreg, og personar i mottak, bli busette så raskt som mogeleg. Eg vil følgje utviklinga framover.

Vennleg helsing,



Guri Melby

*Dokumentet er godkjent elektronisk og påført statsrådens signatur*